



NVE har no handsama kraftverksøknadane også frå Uskedalen og sagt ja til Tverrelva og Eikeelva og nei til Børsdalen. Men Tverrelvaprojektet vert sendt vidare til departementet for endeleg avgjerd.

NVE har gjeve løyve og positiv innstilling til 6 småkraftverk i Ullensvang, Jondal g Kvinnherad etter å ha handsama 13 søknadar. Dei som har fått løyve vil produsere straum for nær 4000 husstandar.

Også Valedalen kraftverk og overføring av Sitautevatn har fått negativ avgjerd.

Dei som får konsesjon gjev minst konflikt med allmenne interessersamstundes som dei gjev ein betydeleg fornybar produksjon.

Biletet over er frå helikoptersynfaringa til NVE i Børsdalen i fjor haust.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen